Retningslinjer for masteroppgåve i grunnskulelærarutdanningane 1. – 7. trinn og 5. – 10. trinn



Revidert 06.09.22

Innleiing

Studentane på masterprogramma i grunnskulelærarutdanningane ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal i løpet av 5. studieår skrive ei masteroppgåve. Rammene for dette arbeidet er sett i programplanane for trinn 1-7 og 5-10 for grunnskulelærarutdanningane ved HVL, som igjen bygger på det nasjonale rammeverket i Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1-7, Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5-10, Rundskriv F-06-16, og dei nasjonale retningslinjene for grunnskulelærarutdanningane trinn 1-7 og 5-10.

Masteroppgåva skal vere eit sjølvstendig, forskingsbasert skriftleg arbeid, der studenten formulerer og svarar på ein sjølvvald problemstilling. Arbeidet med oppgåva byggjer på tidlegare studium i masterfaget og vitskapsteori, metodelære og forskingsetikk. Til grunn for arbeidet ligg også studieprogrammas progresjonstrapp med FoU-oppgåva, som må være bestått før studenten kan starte på masteroppgåve 5. studieår, og prosjektskissa frå tidlegare emne på syklus 2.

Arbeidet med oppgåva er vekta til 45 studiepoeng. Emneplanen i masterfaget vil gje meir detaljerte skildringar av venta læringsutbytte, arbeidsformer og arbeidskrav. Dette dokumentet formidlar dei generelle retningslinjene som er felles for alle studentar uavhengig av kva emne masteroppgåva høyrer til, og som handlar om krava til sjølve masteroppgåva og felles prosedyrar for arbeidet med denne. Disse kan utfyllast av emnespesifikke retningslinjer og rettleiingsdokument innanfor ramma av masteremna.

Tematisk vinkling og forskingsdesign

Studenten skal velje tema og problemstilling for masteroppgåva som er relevant for læraryrket og som er i tråd med programplan og emneplan i lærarutdanningsfaget studenten har valt. Masteroppgåva skal være et profesjonsreta og praksisorientert arbeid. Nærare fastsetjing av profesjonsretting og praksisrelevans i masteroppgåva blir avklart innanfor rammene av det aktuelle masteremnet og i samråd med rettleiar.

Masteroppgåve i lærarutdanningsfag kan skrivast med utgangspunkt i:

- *Eit undervisningsfag* med tydeleg forankring i fag og fagdidaktikk. I omgrepet profesjonsretting ligg det ein tett kopling mellom fag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis. Oppgåva kan også innehalde element frå pedagogikk og spesialpedagogikk.
- *Begynnaropplæring* med tydeleg forankring i fag, fagdidaktikk og pedagogikk og/eller spesialpedagogikk (trinn 1-7)
- *Profesjonsretta pedagogikk* eller *spesialpedagogikk*. Masteroppgåve i pedagogikk eller spesialpedagogikk skal være orientert mot arbeid i klasserommet, og bør også ta utgangspunkt i undervisning og læring i fag.

Fagspesifikke retningslinjer kan gje nærare reglar og krav til forskingsdesign og mal for innhaldsdisposisjon eller strukturering av innhaldet i oppgåva. Oppgåva bør innehalde følgjande element: Utgreiing av tema og problemstilling med refleksjon over praksisretting og profesjonsrelevans, forskingsfelt/fagleg bakgrunn, forskingsdesign og metode, teori og materiale (der det er aktuelt), og forskingsetiske refleksjonar.

Formatet på oppgåva

Oppgåva skal normalt vere på 25.000 – 35.000 ord (innhaldsliste, forord, samandrag, litteraturliste og andre vedlegg ikkje medrekna), med skriftstorleik 12 pkt., og linjeavstand 1,5. Deler av oppgåva kan leverast på andre medium i tråd med emneplanane i det enkelte masterfaget og etter avtale med emneansvarleg. Oppgåva skal skrivast på eit skandinavisk språk eller engelsk, dersom ikkje anna er spesifisert i emneplanen.

Oppgåva skal vidare innehalde:

- Standard framside for masteroppgåve GLU
- Samandrag på norsk (eller skandinavisk språk) og engelsk
- Innhaldsliste (med samsvarande sidetal)
- Kjelde-/litteraturliste basert på éin og same referansestil
- Liste over eventuelle figurar og/eller tabellar

Oppgåva skal skrivast i samsvar med dei krava som gjeld for akademisk skriving generelt. Reglar for kjeldebruk og tilvisingsteknikkar kan setjast innanfor ramma av de ulike masterfaga i den gjeldande emneplanen og eventuelle emnespesifikke retningslinjer eller rettleiingsdokument.

Arbeidsformer og rettleiing

Studenten har rett til rettleiing på masteroppgåva, og det skal oppnemnast ein hovudrettleiar ved HVL. Det skal inngåast ein **rettleiingskontrakt** der oppgåvene, ansvaret og rettane til studenten, rettleiaren og høgskulen vert klargjort. Kontrakten skal underskrivast av student og hovudrettleiar når rettleiinga startar opp. Studenten har rett til rettleiing innan gjeldande ressursrammer. Studenten skal i samråd med rettleiaren arbeide med utgangspunkt i godkjent prosjektskisse. Eventuelle endringar i prosjektskissa skal godkjennast av rettleiaren.

Rettleiingstimane kan avviklast individuelt eller i grupper. Det er venta at studentane leverer rettleiingsgrunnlag i forkant av rettleiinga. Studentar som har forlenga arbeid med masteroppgåva grunna avmelding til eksamen eller gyldig fråvær, får ikkje ekstra rettleiing utover det fastsette talet rettleiingstimer. Ved ikkje stått karakter (F) har studenten rett til noko tilleggsrettleiing. Ny rettleiar kan oppnemnast. Kommisjonen bør være den same.

Samskriving

Dersom dei fagspesifikke retningslinjene opnar for det, kan to studenter gå saman om å skrive ei felles masteroppgåve, og får då felles rettleiar(ar). Under eige punkt i rettleiingskontrakten skriv begge studentane under på at dei skal bidra likeverdig i arbeidet med oppgåva og at dei begge stiller seg bak det ferdige produktet når oppgåva er levert. Det skal ved innlevering av oppgåva følgje med eit kort skriv på ca. 200 ord der det går frem korleis partane har samarbeida om oppgåva.

Særlege reglar som gjelder samskrivne oppgåver:

- Samskrivne oppgåver skal ha eit omfang på 35.000 – 45.000 ord
- Oppgåva skal leverast som eitt arbeid, og oppgåva skal vurderast som eitt arbeid
- Studentane får éin felles karakter på oppgåva
- Sensorene vil få beskjed om at oppgava har to forfattere

Forskingsetikk og personvern

Forskingsetiske kunnskapar og kompetanse er eit integrert mål i studieprogrammas FoU-opplæring. Studentens handtering av dette skal inngå som del av grunnlaget for vurdering av oppgåva.

I arbeidet med oppgåva har rettleiaren eit ansvar for å godkjenne planane og sikre at forskingsetiske omsyn er ivaretekne, men studenten har også eit sjølvstendig ansvar for å følgje gjeldande forskingsetiske lover, forskrifter og retningslinjer og gjennomføre arbeidet sitt i samsvar med desse.

Arbeidet må vere vitskapeleg reieleg, etterretteleg og gjennomsiktig, dette må takast vare på gjennom dei krav som vert stilte til kjeldebruk og tilvisingsteknikkar innanfor ramma av emneplanar og eventuelle emnespesifikke retningslinjer og rettleiingsdokument i deil ulike masterfaga. Studenten har eit sjølvstendig ansvar for å orientere seg om og etterfølgje desse.

Krava til personvern står sentralt i forskingsetikken. Studenten har eit sjølvstendig ansvar for å orientere seg om og følgje gjeldande regelverk knytt til personvern, men vil få hjelp av rettleiaren til dette. Det vert elles vist til rolle- og ansvarsavklaring i HVL sine Retningslinjer for behandling av personopplysninger og helseforskningsdata.

Innlevering og vurdering

Den skriftlege oppgåva skal leverast i det gjeldande elektroniske eksamenssystemet. Ved innlevering fyller kandidaten/kandidatane ut ei standard forside for masteroppgåver i GLU.

Oppgåva skal vurderast av ein kommisjon sett saman av minimum to sensorar der minst ein er ekstern. Kommisjonen skal i fellesskap komme frem til semje om karakteren. Oppgåva vert vurdert gradert på skala A-F der F er ikkje bestått. Grunngjeving for karakterfastsetting skal følgje med på sensurtidspunktet. Ekstern sensor har hovudansvar for å utforme grunngjevinga.

For regler og reaksjonar ved fusk og plagiat vert det vist til Lov om universiteter og høgskoler § 4-7 og § 4-8, samt HVL sine egne retningslinjer for plagiatkontroll og plagiat og fusk ved oppgaver, eksamener og prøver.

Kandidaten/kandidatane har rett til å klage på vurderinga i tråd med Lov om universiteter og høgskoler § 5-2 og § 5-3.

Generelle vurderingskriterier

Arbeidet skal først og fremst vurderast ut frå det faglege innhaldet, både når det gjeld omfang og fagleg djupne, i samsvar med den nasjonale norma for karakterskalaen. Det vil meir konkret seie at ein skal vurdere i kva grad kandidaten gjennom masteroppgåva viser måloppnåing på følgande område:

Kunnskapar:

- Omfattande innsikt i fagfeltet som oppgåva er skriven inn i
- Omfattande kunnskap om relevant tidlegare nasjonal og/eller internasjonal forsking på feltet/tematikken
- Innsikt i teori(er) og teoretiske omgrep som blir brukt i oppgåva

Ferdigheiter:

- Presis formulering av problemstilling og hypotese
- Adekvate val og bruk av relevante metodar for eventuell innsamling av empiri og/eller analyse, som kan svare på problemstilling/diskutere hypotesen
- Kritisk lesing av tidlegare forskingsbidrag på fagfeltet
- Språkleg formidlingsevne
- Evne til strukturering av arbeidet og teksten
- Koherens i stil, figurval, tabellar og referansar
- Kritisk refleksjon over eige arbeid, inkludert us7ikre moment i metodebruk og analysar
- Bruk av etiske retningslinjer for akademisk arbeid

Generell kompetanse:

- Kreativitet og nytenking innanfor fagfeltet/forskingsfeltet
- Kritisk analyse av eige arbeid inn mot ein relevant større samfunnskontekst
- Kritisk analyse av eige arbeid med tanke på moglege implikasjonar for praksisar i skolen

Masteroppgåva skal vurderast ut frå følgjande kriterium i karakterskala:

Bokmål

Symbol	**Betegnelse**	**Generell, kvalitativ, ikke fagspesifikk beskrivelse av vurderingskriterier**
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Kandidaten viser svært god vurderingsevne og stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon. Kandidaten viser meget god vurderingsevne og selvstendighet.
C	God	Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Kandidaten viser god vurderingsevne og selvstendighet på de viktigste områdene.
D	Nokså god	En akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Kandidaten viser en viss grad av vurderingsevne og selvstendighet.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen tilfredsstiller minimumskravene, men heller ikke mer. Kandidaten viser liten vurderingsevne og selvstendighet.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstiller de faglige minimumskravene. Kandidaten viser både manglede vurderingsevne og selvstendighet.

Nynorsk

Symbol	**Nemning**	**Generell, kvalitativ, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium**
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Kandidaten syner særs god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Kandidaten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamnt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstiller minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten syner lita vurderingsevne og lite sjøvlstende.
F	Ikkje greidd	Prestasjon som ikkje tilfredsstiller dei faglege minimumskrava. Kandidaten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.